Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hemne

Emne: Bålbrenning. Bygdelag: Liabygda

Oppskr. av: Arne Søvål Gard: Kveldsvo

(adresse): Kyrksæterøra G.nr. 111 Br.nr. 7.8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Varmo.

1. Elld er det vanlege, og visstok det eldste. Sant-Hans-elld. Sume kan og seie bål no i same tid.

2. Elld helst berre nytta om store bål, t. d. skåelld, ståkkelld o. l. Det kan og bli nytta om små bål, men da blir det helst kalla varmo. (Han jöt opp varmo å koka se kaffe). Varmo kan og bli nytta om store bål i serlege høve, t. d. når hus brenn — skavarmo.

3. Nei, ikkje det eg veit, anna enn nemnt ovafor.

Tida.

4. Nei

5. Nei

6. Nei

7. Nei

8. I Hemne var det berre brent i St. Hanshelga, St. Hanskvelden.

Men i Søvassdalen, som grensar til

14208

Orkdalen, der har dei til dels brent pinsetjeld pinsaftan.

9. Nei

10. Nei

11.

12. Nei

13. Nei

## Staden.

14. Fau helst det, på ei hööd eller ein annan plass som låg synbert til. I min barndom var det vanleg å samlast oppå „Grönora": eit 400 m hööt berg sör for grenda. Men no er det lenge sia slutt med det. Det er no helst berre borna som driv med dette, og dei held da til nærare heimen, på ein haug, på ein vegkant eller på eit nes nedmed vatnet.

16. Nei i gamal tid var heile grender og meir i lag om bålet. No slår gjerne borna frå nokre få hima seg i lag.

17. Nei

## Dei som steller med og tenner bålet.

18. Först eg minnest var det helst ungdomen som stod for dei store båla. Eindvan gifte kunne vel og slenge med. Og borna ståka vel helst med mindre bål for seg sjölve, under tilsyn av eindvan av foreldra. No er det berre borna som driv med det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14208

 

19. Gutane og jentene var alltid i lag om bålet. Og inkje i vegen for at gifte kunne vera med.
20. Ja
21. Jau det kunne nok råke, men ikkje noko fast med det.
22. Nei

Korleis dei bygde bålet.

23. Nei inkje sers med det.
24. Berre slikt som höver best og som var lettast å få tak på. Oppå Grönora var det mykje „gadd" og det var flott brenne. Elles var det ömse slag ved. Gamal tör eine var fint. Rå eine og råbar var og gildt, for det gav så gildt med röyk. På skogsnaue stader måtte dei finne på eitkvart anna, tjöretunner, gamle båtar, gamle leiver etter hus o. l.
25. Har aldri höyrt om det.

Korleis dei fikk bålvyrke.

26. Tjöretunna laut dei nok betale, men elles var det vel ikkje betalt for slikt.
27. Nei
28. Ikkje så eg veit.

Korleis bålet skulle vera.

31. Nei
32. Jau, det var sjölsagt gildt å ha största elden, og det vart ansa mykje etter det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14208

33. Det var vel inkje aota visst med dit. Det vart meir etter som dit høvde med vyrket. Hadde ein mykje tør ved, vart logen stor. og var dit mykje råbar, så var dit røuken som var dit avgjerande.
35. Har ikkje høyrt om dit.

## Kva bålet skulle tene til.

36. Inkje høyrt om dit.
37. — " — —
38. — — -
39. - " —

## Sjølve festen ved bålet.

40. Ikkje så eg veit. Vi sa berre at vi var med „å brenne Sant-Hanselde.
41. Inkje høyrt om noko slikt.
42. Nei. Dei for heim ut på natta.
43. Jau noko mat hadde gjerne dei fleste med. Helst gjentene som sytte for dit. Eggedosis var gjerne brukt, og kaffi og heimelaga brød. Brennevin kunne vel eintvar av karane og ha. Var dit mest born, var foreldra med og sytte for maten.
44. Jau dit var nok ikkje uvanleg at dit var dans, men da på ein slett voll attmed elden. eller i hus i nærleiken.
45. Jau, dit var nokså vanleg idrott
46. Det var og vanleg, helst der borna dreiv seg.
47. Nei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14208

48. Å slå kåtsmell var noksåmykje brukt. Ein tok ein stor fin kålbit og la på ein flat stein og deisa til han med ~~med~~ ein økshamar. Ein kunne da få ein kraftig smell.

Skikken i dag.

49. Trur ikkje det er nokor serleg ævinning med det no lenger.
50. Det er no ikorast å kalla ein døyande skikk.
51. Det er komi så mykje nytt som er gildare — som kino, store festar på flotte fine møtehus o.m. Og så er ungdomen bortkomen no på bygdene. I grenda mi her var det i min barndom 30-40 ungdomar, og i dag er det 3-4 - Det er som her skulle ha gått pest gjennom grendene.

Hemne 22/12 1958.

Arne Søidal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14208